



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref  
2020/75194-3

Vår ref  
20/5879-2

Dato  
4. juni 2021

### **Overslag over ferjeavløysingsmidlar for ferjestrekningar i Vestland fylkeskommune - Oppmoding om oppdaterte overslag**

Vi viser til brev frå Vestland fylkeskommune av 6. november med oppmoding om oppdaterte overslag på ferjeavløysingsmidlar til prosjekt i Vestland.

I samband med førebelse overslag gjev Kommunal- og moderniseringsdepartementet overslag over kor mykje prosjekta kan utløyse i årlege ferjeavløysingsmidlar. Overslaget tek utgangspunkt i inntektssystemet slik det er på det tidspunktet førebelse overslag blir berekna. Endeleg årleg beløp blir, saman med overslag på utbetalingslengde, fastsett i samband med handsaming av endeleg søknad (jf. punkt 4.4. i retningslinene for ordninga).

Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar blir berekna på bakgrunn av reduksjon i rammetilskot når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av eit vegprosjekt. Reduksjonen blir berekna ved å sjå på nettoeffekten ved å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet (jf. punkt 5.1. og 5.2. i retningslinene). Avløysing eller innkorting av eit ferjesamband vil gje ein lågare verdi på kriteriet "normerte ferjekostnader" i båt- og ferjenøkkelen, mens det nye vegnettet vil gje auka verdi på kriteriet "vedlikehaldsbehov fylkesveg". Ferjeavløysingsmidlane blir altså berekna som nettoeffekten av desse endringane. Det er nytta tal for normerte ferjekostnadar frå inntektssystemet for 2021, mens vedlikehaldskostnadar er prisjusterte tal frå MOTIV som er nytta ved tidlegare utrekningar.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev av 26. november 2020 gjeve endeleg beløp i årlege ferjeavløysingsmidlar og utbetalingslengde for Ytre Steinsund bru. For Masfjordsambandet er det tidlegare avgjort at ferjeavløysingsmidlar skal bereknast ut ifrå inntektssystemet for 2017. For resten av prosjekta har departementet berekna nye overslag

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar  
Sissel Ferstad  
22 24 67 06

på årlege ferjeavløysingsmidlar med utgangspunkt i inntektssystemet og kriteriedata for 2021.

Vi gjer merksam på at overslaga berre er førebelse. Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden vil bli berekna når fylkeskommunen har sendt endelege søknader, og når Samferdselsdepartementet har gjort endeleg vedtak i sakene (jf. punkt 4.3 til 4.6. i retningslinene). Berekninga kan endre seg om det skjer vesentlege endringar i vegprosjekta. Eventuelle endringar i ferjeavløysingsordninga og/eller kriteriedata kan òg ha konsekvensar for berekninga av ferjeavløysingsmidlane. Endeleg berekning kan difor gje eit anna resultat.

#### Ytre Steinsund bru

Ytre Steinsund bru vil utløyse 21,446 mill. kroner (i 2020-kroner) i årlege ferjeavløysingsmidlar, over ein utbetalingsperiode på 22 år, jf. brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 26. november 2020 med endeleg beløp.

#### Atløysambandet

Ut ifrå inntektssystemet for 2021 kan Atløysambandet utløyse 11,379 mill. kroner (2021-kroner) i årlege ferjeavløysingsmidlar. Beløpet er nettoeffekten av nedlegging av ferjesambandet Askvoll–Gjervik med normerte ferjekostnader på 9,897 mill. kroner (som svarar til -13,638 mill. kroner i utgiftsutjamninga 2021) og auka vedlikehaldsbehov for fylkesveg på 2,375 mill. kroner i 2019-kroner (som svarar til +2,259 mill. kroner i utgiftsutjamninga 2021).

#### Bjelkarøysambandet

Ut ifrå inntektssystemet for 2021 kan Bjelkarøysambandet utløyse 14,686 mill. kroner (2021-kroner) i årlege ferjeavløysingsmidlar om strekninga Bjelkarøy-Hjellestad blir erstatta av bru. Beløpet er nettoeffekten av nedlegging av heile ferjesambandet Klokkarvik-Lerøy-Bjelkarøy-Hjellestad med normerte ferjekostnader på 12,022 mill. kroner (som svarar til 16,566 mill. kroner i utgiftsutjamninga 2021) og auka vedlikehaldsbehov for fylkesveg på 1,977 mill. kroner i 2019-kroner (som svarar til 1,880 mill. kroner i utgiftsutjamninga 2021).

Om strekninga Bjelkarøy-Hjellestad blir erstatta av undersjøisk tunnel kan Bjelkarøysambandet utløyse 10,008 mill. kroner (2021-kroner) i årlege ferjeavløysingsmidlar. Då aukar vedlikehaldsbehovet for fylkesveg med 6,895 mill. kroner (som svarar til +6,559 mill. kroner i utgiftsutjamninga 2021).

Vi gjer merksam på at heile ferjesambandet må leggjast ned for at desse overslaga skal gjelde. Dersom ferjestrekninga Klokkarvik-Lerøy ikkje blir lagt ned, blir ferjeavløysinga rekna som ei innkorting, og årleg beløp i ferjeavløysingsmidlar blir lågare.

#### Huglosambandet

Dette prosjektet blir rekna som ei innkorting, sidan strekninga Jektevik-Hodnanes ikkje blir avløyst av eit fylkeskommunalt vegprosjekt. Ut ifrå inntektssystemet for 2021 kan prosjektet

utløyse 1,828 mill. kroner (2021-kroner) i årlege ferjeavløysingsmidlar. Innkortinga av ferjestrekninga Hodnanes-Nordhuglo gjev reduserte normerte ferjekostnader på 3,019 mill. kroner (som svarar til -4,160 mill. kroner i utgiftsutjamninga 2021). Auka vedlikehaldsbehov for fylkesveg er berekna til 2,452 mill. kroner (som svarar til +2,332 mill. kroner i utgiftsutjamninga 2021).

#### Fjelbergsambandet

Ut ifrå inntektssystemet for 2021 kan Fjelbergsambandet utløyse 21,475 mill. kroner (2021-kroner) i årlege ferjeavløysingsmidlar. Beløpet er nettoeffekten av nedlegging av heile ferjesambandet Utbjoa-Sydnes-Fjelbergøy-Borgundøy med normerte ferjekostnader på 16,626 mill. kroner (som svarar til -22,911 mill. kroner i utgiftsutjamninga 2021) og auka vedlikehaldsbehov for fylkesveg på 1,509 mill. kroner i 2019-kroner (som svarar til +1,436 mill. kroner i utgiftsutjamninga).

Vi gjer merksam på at heile ferjesambandet må leggjast ned for at dette overslaget skal gjelde. Dersom ferjestrekninga Utbjoa-Sydnes ikkje blir lagt ned, blir ferjeavløysinga rekna som ei innkorting, og årleg beløp i ferjeavløysingsmidlar blir lågare.

#### Masfjordsambandet

Det er tidlegare avgjort at ferjeavløysingsmidlar for ferjeavløysingsprosjekt der endeleg søknad blei sendt før 2018, skal bereknast ut ifrå inntektssystemet for 2017. For Masfjordbrua er det tidlegare gjeve eit overslag på 18,278 mill. kroner i 2017-kroner.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Sissel Ferstad  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Samferdselsdepartementet